



Årsmelding 2018

Ytre Sogn Turlag

Ytre Sogn Turlag (YST) er eit av 155 lokallag i Den Norske Turistforening (DNT) og eit av 14 lokallag i Sogn og Fjordane Turlag (SFT). SFT har i tillegg til hovudlaga også 29 Barnas Turlag og 7 Ung-grupper.

Frå 2017 femnar YST om kommunane Gulen, Hyllestad og Solund. I tillegg til hovudlaget YST finst det Barnas Turlag i dei 3 kommunane og ei felles Ung-gruppe.

Mottoet til YST er: *Kjenn din kommune – og bruk den!*

Styret sitt arbeid

Styret i YST hadde i perioden desember 2017 – november 2018 totalt 6 styremøte. Styret konstituerte seg sjølv på fyrste møtet etter årsmøtet i 2017. Liv Brekken vart då vald til nestleiar, Marit Gjersvoll til kasserar og Kari Einen til skrivar. Mark Elvevåg vart vald som leiar på årsmøtet.

Det har i år vore arrangert styremøte i alle dei 3 kommunane og om lag anna kvart møte har vore gjennomført som videomøte på Messenger. Å ha videomøte kan tidvis vere utfordrande, spesielt når bilete og lyd ikkje fungerer optimalt, men det har i stort sett gått bra og ein har spart både tid og pengar ved å møtast på «nettet». I tillegg til dei 7 ordinære styremedlemmane er 1. vara alltid kalla inn.

Dei siste 2-3 åra har det vore veldig høg aktivitet i YST med mange aktivitetar, publisering av turhefte, søknadsskriving og rapportering, gjennomføring av 3-4 friluftsskular, innføring av midtveketurar og mykje anna. Styret hadde som mål å reorganisere arbeidet i 2018 for å ikkje brenne ut styremedlemmer og eldsjeler. Styret har difor fokusert på å gjennomføre dei aktivitetar som ein syns er viktigast. I 2018 vart det difor ikkje laga eit nytt turhefte og kommunikasjon med medlemmer og ålmenta har mest vore gjennom heimesida og Facebook. Alle husstandar i Sogn og Fjordane får likevel skriftleg informasjon om YST sine aktivitetar ettersom dei er inkludert i SFT sin årlege aktivitetskalender.

YST har dei siste 2 åra arrangert friluftsskular for born i alderen 8-11 år. I år var det naturleg at Fjordkysten Friluftsråd tok over desse aktivitetane i Solund. Det vart ikkje arrangert friluftsskule i Matre/Stordalen.

Styret har i 2018 bl.a. arbeidd med:

- Planlegging og gjennomføring av aktivitetar

- Økonomi og rekneskap, inkl. oppretting av Vippskonto
- Søknadsskriving og rapportering
- Rapportering på aktiviteter
- Utarbeiding av sponsorpakke (ikkje ferdig)
- Deltaking på SFT sitt årsmøte i januar
- Deltaking på SFT sitt fellesmøte i oktober
- Innspel til DNT sin strategi for perioden 2019-2023
- Gulen kommune sin nye plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv

Profilering

YST/BT-laga har vore til stades på fleire arrangement og profilert seg på ulike måtar:

- Stand på Solunddagane
- Stand på Kvernsteinsmarknaden
- Stand på Bjørn West-marsjen
- Presentasjon av YST på SFT sitt fellesmøte
- Oppdatering av heimesida <https://ytresogn.dnt.no/>
- Oppdatering av Facebooksider
- Oppdatert turinformasjon på www.ut.no
- 2 artiklar i Turmagasinet (Til Utvær i kajakk og Fjelltoppsamling i Solund)



Foto: Kvernsteinsparken

Medlemsstatistikk

YST hadde pr. 31. oktober 2018 totalt 314 medlemmer. Det er 3 fleire enn ved same tidspunkt i 2017. Medlemmane var fordelt slik:

Familie (hm)	28
Hovud	67
Ungdom	18
Honnør	25
Livsvarig	1
Barn	30
Skule	24
Husstand	21
Familie (hs)	100
Totalt:	314



Foto: Gunn Marit Fossedal

Aktivitatar

YST og Ung-gruppa gjennomførte følgjande aktivitetar i 2018:

16.-18. mar	Vintercamp i Stordalen
18. mar	Dugnadstur til Råkeneset
22. apr	Trefjellsturen i Ytre Gulen
1. mai	1.mai-marsj Ulvegveina (v/ Solund Idrettslag)
2. mai	Opptur
5. mai	Fuglesangtur på Krakhella
27. mai	3/4/7-fjellstur Bergen
3. jun	Tveiteskardet - Breidvikstølen
19. aug	Bjørn West-marsjen
8-9. sep	Tur til Utvær og overnatting
30. sep	Bokskiftetur - Solund
21. okt	Handalen- Laviksåta- Sauesnyken-Handalen
18. nov	Årsmøte -Solun

Ei par av aktivitetane bør nemnast spesielt:

Opptur 2018

Onsdag 2. mai vart det arrangert Opptur for elevar i 8. klasse. Totalt deltok 74 elevar frå 8 skular i Ytre Sogn og Nordhordland. Røde Kors var til stades og totalt 11 leiarar/lærarar. På veg til toppen (Sauesnyken i Hyllestad) kunne elevane svare på quiz om berekraftig utvikling. Etter turen var det grilling, fotball og støvelkasting. Emma Rutledal frå Eivindvik vann gåvekort for 2 personar til Kystcamp. Olden sponsa med vatnflasker til alle deltakarane.



Foto: Liv Brekken

Jubileumstur til Utvær

DNT feirar 150 år i 2018 og mange lokallag har arrangert «jubileumsturar». Fem medlemmer frå YST reiste til Utvær 8.-9. september og fekk ei omvising av både øya og Utvær fyr, fantastisk middag og overnatting i fyrmeistarbustaden. Styret i YST har planar på å gjere Utvær-turen til eit regelmessig arrangement.

Bjørn West-marsjen

YST var medarrangør av den 36. Bjørn West-marsjen og stilte med om lag 15 turleiarar. Det var færre deltakarar enn tidlegare år, men likevel var det om lag 220 personar på den korte løypa. Før marsjen arrangerte YST dugnad på løypa med 7 eldsjeler til stades. Wenche Midtun er YST sin representant i BW-marsjen si arbeidsgruppe og ho koordinerer YST sin del av aktiviteten.

Ung-gruppa

YST si Ung-gruppe arrangerte helga 16.-18 mars Vintercamp i Stordalen.

Arrangementet trekte 26 ungdomar og dei fekk ei fin oppleving med kjenne på auka mestringskjensle og bruke vinterfjellet sine moglegheiter. Det vart langrenn, topptur, telemark, snowboard og slalåm. Det var overnatting på Stordalen Fjellstove med middag og sosiale aktivitetar. Styret i Ung-gruppa hadde også eit kombinert styremøte og kajakk-dag.



Foto: Linda Hantveit

DNT sitt 150-årsjubileum

Det var fint besøk på «Tidenes Turfest» i Oslo Spektrum når DNT feira 150 år den 19. januar. I tillegg til H.M. Dronning Sonja og statsminister Erna Solberg var nemleg også YST representert med 4 medlemmer. Dei fekk bl.a. sjå ei førestilling som tok seg av DNT si historie frå starten i 1868.



Foto: Marit Gjersvoll

DNT-hytta på Råkeneset

På YST sitt årsmøte i 2017 var det gjort følgjande vedtak om DNT-hytta på Råkeneset i Solund:

«Styret [sic] i YST vedtar samrøystes å overta Råkeneset turisthytte frå sesongen 2018. YST får hyttemidlar frå DNT, samt inntekter frå overnatting. Det vil da være nødvendig å opprette ei gruppe som jobber med hyttedrift. Eventuelt hytte og løypenemd i lag.»



Foto: Merete Habberstad

Sogndal Turlag (ST) har ein avtale med grunneigaren om å leige hytta på Råkeneset. ST gjorde også vedtak på sitt årsmøte i 2017 om å overføre leigeavtalen til YST. Laga har enno ikkje signert ein avtale om overføring av leigeavtalen og ST sin avtale med grunneigaren går ut i mars 2019. YST vil difor i staden prøve å signere ein leigeavtale direkte med grunneigaren.

Styre og nemnder

Ytre Sogn Turlag

Leiar:	Mark Elvevåg
Nestleiar:	Liv Brekken
Kasserar:	Marit Gjersvoll
Skrivar:	Kari Einen
Styremedlem:	Janne Britt Krakhellen
Styremedlem:	Katarzyna Lylund
Styremedlem:	Unni Kvellestad Akse
Varamedlem 1:	Erene Wilberg
Varamedlem 2:	Hege Lid Hjartholm
Varamedlem 3:	Linda Hantveit



Foto: Wenche Midthun

Barnas Turlag Gulen

Leiar:	Brita Eidnes
Styremedlem:	Monica Skjelanger Reknes
Styremedlem:	Ida Tangedal
Styremedlem:	Aina Furebotn Reknes
Styremedlem:	Mariel Loua Stene



Foto: Brita Eidnes

Barnas Turlag Hyllestad

Leiar:	Katarzyna Lylund
Styremedlem:	Torunn Mattson
Styremedlem:	Oddhild Dokset Engedal
Styremedlem:	Aleksander Savchenko



Foto: Oddhild Dokset

Barnas Turlag Solund

Leiar:	Gunn Marit Fossedal
Styremedlem:	Ingrid Elvevåg
Styremedlem:	Marlen Trovåg
Styremedlem:	Karen Nessen
Styremedlem:	Gjertrud Lambrechts Trovåg



Foto: Gunn Marit Fossedal

YST Ung-gruppa

Leiar:	Rasmus Sørensen
Styremedlem:	Hedda Mårstig
Styremedlem:	Åsne Lerpold Hauge
Styremedlem:	Gaute Haveland



Foto: Liv Brekken

Valnemnd

Tor Arne Hauge (leiar) og Ron Overdevest og Anne Marit Løwø.

Revisorar

Hildegunn Rutledal og Ragnar Mundal

Økonomi

YST sitt rekneskap syner eit overskot på 37.664,65 kr for 2018.

Medlemskontingenten frå DNT er den største einskilde inntekta. I tillegg fekk YST i 2018 tilskot frå DNT/Frifond på 35.500 kr for generelle kostnader knytt til ulike aktivitetar. Aktivitetane inkluderer Opptur, Ung-gruppa sin Vintercamp i Stordalen og diverse mindre kostnader for BT-laga. YST fekk òg 15.000 kr i kulturmidlar frå Gulen kommune.

Norva24 Birkeland er YST sin hovudsponsor med 10.000 kr. Styret har starta opp eit arbeid med å laga ein sponsorpakke til bedrifter og andre.

YST er registrert som mottakar av grasrotsandelen.

Nedanfor er eit samandrag av rekneskapen for 2018.

	Utgifter	Inntekter
Tilskot/gåver	3 563,00	82 228,46
Medlemskontingent	30 904,00	78 057,00
Utstyr	43 531,00	31 500,00
Arrangement YST	17 010,00	8 892,00
Arrangement BTH	-	-
Arrangement BTG	7 551,21	-
Arrangement BTS	829,00	-
KDU	13 973,50	9 052,50
Opptur	19 177,40	-
Arrangement UNG	48 394,61	18 986,00
Møter/kurs	27 778,60	-
Friluftsskuler	13 884,00	12 910,00
Kjøp, sal og utleige	2 659,80	6 097,45
Momskompensasjon	-	16 920,00
Grasrotandelen	-	1 971,49
Diverse	155,00	460,87
Sum	229 411,12	267 075,77
Årets overskot/underskot	37 664,65	
Sum	267 075,77	267 075,77

YST sin balansekonto pr. 31.10.2018:

Eigendelar	Kroner
Konto nr.: 3705.19.82402 pr. 31.10.18	-
Konto nr.: 3705.25.50379 pr. 31.10.18	137 130,87
Konto nr.: 3705.09.11234 pr. 31.10.18	229 854,81
Sum	366 985,68
Gjeld og egenkapital	Kroner
Behaldning 01.11.17, ktonr. 3705.19.82402	31 608,00
Behaldning 01.11.17, ktonr. 3705.25.50379	105 136,00
Behaldning 01.11.17, ktonr. 3705.09.11234	192 577,03
Sum	329 321,03
Årets overskot/underskot	37 664,65
Sum	366 985,68

Hardbakke, 18.11.2018

Mark Ellevåg
Leiar